



Erfaringar så langt

Kva har vore positivt, og kva kan vi bli betre på i neste fase av hendinga?

Innleiing

Våren 2020 har ikkje vore ein normal vår. Heile samfunnet har blitt snudd på hovudet for å handtere utbrotet av koronaviruset. Fylkesmannen og kommunane har justert verksemda si for å kunne oppretthalde drift og å ivareta kritiske oppgåver.

Mykje av presset har kome på kommunane, som er førstelinje for mellom anna handtering av personar med symptom på sjukdom, eller som av andre grunnar bør testast for smitte. Kommunane har òg hatt stort press fordi dei er leverandør av helse- og omsorgstenester som har måtta legge om mykje av drifta, og fordi dei er skule- og barnehageeigar. Det har vore eit stort informasjonsbehov hjå innbyggjarane, som kommunane har måtte imøtekome.

Det har vore eit godt samarbeid mellom kommunane og helseføretaka under heile perioden. Tre helsefellesskap mellom kvart av helseføretaka og tilhøyrande kommunar tok på seg oppgåva med å organisere fordelinga av smittevernutstyr mellom kommunane i sine føretaksområde, og bidra til omdisponering ved behov. Fylkesmannen har delteke i møta der utstyr er blitt fordelt og er svært nøgd med den jobben helsefellesskapa har gjort. Tilbakemeldingane frå helseføretaka og kommunane viser òg at dette har fungert godt i praksis.

Fylkesmannen har arbeidd for å sikre ei samordna handtering i fylket. Det har vi mellom anna gjort gjennom å ha kommunemøte (to per veke i mars og april, og eitt i veka frå mai), svart fortløpande på spørsmål på e-post og telefon, løfta problemstillingar og synspunkt vidare til nasjonale styresmakter og lagt til rette for møte mellom kommunar og regionale/nasjonale aktørar ved behov. Dei tre helseføretaka har òg delteke aktivt i alle desse møta.

Fylkesmannen har samordna seg internt. Det inneber at beredskap, helse, sosial, barnevern og utdanning gjennom heile perioden har samarbeidd tett, vore til stades på kontorstaden med sine avdelingsdirektørar og dei medarbeidarane som har arbeidd med pandemien. Vi har koordinert innspel og forventningar frå nasjonale styresmakter ut mot kommunane, men òg koordinert tilbakemeldingar til dei ulike instansane (DSB, Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet). Vi har erfart at nasjonale styresmakter ikkje har vore like godt koordinert i alle samanhengar. Dette har vi forsøkt å kompensere for ut mot kommunane.

Vi ønskjer å sikre at vi tek lærdom av erfaringane vi har gjort så langt i pandemien, og har difor gjennomført denne undervegs-evalueringa. Målet med den er å sjå kva vi har lært av den første bølga av pandemien, og korleis vi eventuelt kan endre og tilpasse oss for å vere endå betre rusta til å møte ei eventuell ny bølge. Vi har sett på korleis kommunane har handtert situasjonen og korleis dei opplever at vi har utøvd vår samordnings- og rettleiingsrolle.



Hendinga

Det nye koronaviruset (SARS-CoV-2) vart oppdaga i januar 2020. Utbrotet starta i storbyen Wuhan i Kina i desember, og spreidde seg så vidare til resten av verden. Viruset vart for første gang påvist i Noreg 26. februar i år.

Koronaviruset fører til luftvegsinfeksjon som kan gi alt frå milde symptom til alvorleg sjukdom, og i enkelte tilfelle dødsfall. Sjukdommen smitter frå menneske til menneske. Det finnes per i dag ingen vaksine, og heller ingen spesifikk behandling for sjukdomen. Generelle smitteverntiltak, som å halde avstand, vaske hender og det å ha god hostehygiene, er difor dei viktigaste tiltaka for å redusere spreiiing.

WHO erklærte 30. januar utbrotet som ei «alvorleg hending av betydning for internasjonal folkehelse», og erklærte det 12. mars som ein pandemi. Same dag presenterte regjeringa ei rekke tiltak for å hindre spreiiing i Noreg. Statsminister Erna Solberg kalla tiltaka «*de sterkeste og mest innngripende tiltakene vi har hatt i Norge i fredstid*». Tiltaka omfatta stenging av barnehagar og skuler, forbod mot kultur- og idrettsarrangement, stenging av ei rekke verksemder, innføring av karantene ved innreise til Noreg og forbod mot utanlandsreiser for helsepersonell som arbeider med pasientbehandling. I tida som følgde vart det òg innført strengare grensekontroll og bortvising av utlendingar utan opphaldsløyve, og forbod mot opphald på hytter utanom eigen bukommune.

Etter påske var smittesituasjonen komen meir under kontroll og regjeringa starta prosessen med å opne samfunnet igjen. Det starta med opning av barnehagar og 1. – 4. trinn på barneskulen, og ein-til-ein verksemder. Seinare har fleire og fleire verksemder kunna opne og det same har resten av grunnskulen og vidaregåande skule. Samfunnet har starta på vegen tilbake til det normale, samstundes som det er stor merksemd på å ivareta smitteverntiltak og å oppretthalde beredskap for ei eventuell ny smittebølgje.

Informasjon om koronaviruset og handteringa i Noreg: <https://helsenorge.no/koronavirus/fakta-og-handtering-i-norge>

Styresmaktene si handtering av koronasituasjonen (tidslinje):

<https://www.regjeringen.no/no/tema/Koronasituasjonen/tidslinje-koronaviruset/id2692402/>

Fylkesmannen si handtering av pandemien

Fylkesmannen har gjennom heile pandemien hatt særleg merksemd på å kunne støtte kommunane i deira handtering, gjennom å formidle nasjonal politikk (lover, forskrifter, retningslinjer, råd m.v.) på ein mest mogleg praktisk og forståeleg måte. Vi oppretta raskt ulike samhandlingsarenaer og formidla til kommunane korleis dei kunne kontakte oss for å løfte problemstillingar og stille spørsmål.

Internt hjå Fylkesmannen vi hatt særleg merksemd på å sikre at vi var koordinerte og at vi forvalta samordnings- og rettleiingsrolla vår på ein god måte.

Møtearenaer på regionalt nivå

Det har vore hyppig møteaktivitet med nasjonale, regionale og lokale aktørar gjennom heile handteringa av pandemien. Fylkesmannen har fasilitert ulike møtearenaer for å sikre regional samhandling og effektiv deling av informasjon.



- **Kommunemøte:** Vi har hatt telefonmøte med kommunane og helseføretaka. Frå mars til mai to møte i veka og frå mai eitt i veka. Føremålet med møta har vore å vidareformidle informasjon frå nasjonale og regionale aktørar, svare ut spørsmål frå kommunane og bidra til ei samordna handtering i fylket. Møta var tverrfaglege, med representasjon frå relevante fagområde - avdelingar hjå Fylkesmannen. Beredskap og helse har deltatt på alle møte.
- **Møte med Bergen kommune:** Det vart gjennomført eigne møte med Bergen kommune om problemstillingar som er særleine for storkommunen.
- **Møte i fylkesberedskapsrådet:** Vi har gjennomført tre ordinære møte i fylkesberedskapsrådet knytt til handteringa av koronapandemien (28. februar, 19. mars og 2. april). I tillegg har det vore nokre møte om ulike problemstillingar, med avgrensa deltaking frå medlemmane i rådet.
- **Møte med helseføretaka:** Vi starta i februar med å ha eitt møte i veka med leiinga i helseføretaka i fylket.
- **Møte med Helse Vest:** I starten var det møte annan kvar veke, dette blei trappa opp til møte kvar veke.

Organisering av undervegs-evalueringa

Evalueringa er gjennomført i tett samarbeid mellom Helse-, sosial- og barnevernavdelinga og beredskapsseksjonen. Den har gått i to fasar; ei spørjeundersøking og oppfølgjande evalueringsmøte. Oppsummeringa av tilbakemeldingane frå kommunane bygger på desse.

Spørjeundersøkinga vart sendt ut til kommunane i slutten av mai. Vi fekk tilbakemelding frå 25 av 43 kommunar. Kommunane som gav tilbakemelding var: Askvoll, Austevoll, Bergen, Bjørnafjorden, Bremanger, Bømlo, Etne, Fitjar, Fjaler, Gulen, Høyanger, Kinn, Kvinnherad, Luster, Masfjorden, Osterøy, Solund, Stad, Stord, Sunnfjord, Ullensvang, Vaksdal, Voss, Øygarden og Samnanger.

Evalueringsmøta tok utgangspunkt i tilbakemeldingane på spørjeundersøkinga. For å legge til rette for god dialog med kommunane, delte vi dei i fire møte, under dette eit eige møte med Bergen kommune¹. Møta vart gjennomført 16. og 17. juni.

Helseføretaka har vore sentrale aktørar i handteringa, og det har difor vore viktig å inkludere dei i undervegs-evalueringa. Vi gjennomførte difor eige evalueringsmøte med dei 17. juni².

Sjølv om vi er i ein rolegare periode av pandemien, er vi framleis i ein beredskapssituasjon. Vi kan vente nye smittebølgjer i takt med at samfunnet opnar meir og meir opp. For å unngå at evalueringsprosessen vart for tidkrevjande, har vi prioritert å avgrense den til å omfatte dei vi ser på som hovudaktørane i handteringa regionalt, og som vi samhandlar tettast med. Vi har difor ikkje gjennomført ei full internevaluering, eller ei evaluering av arbeidet i fylkesberedskapsrådet. Internt har vi gjennom heile handteringa hatt ein tett dialog og justert oss etter dei erfaringane vi har gjort oss undervegs. Når det gjeld fylkesberedskapsrådet, har vi hatt ein open dialog med medlemmane under heile handteringa. Vi har oppmoda dei om å ta kontakt viss dei ser behov for å diskutere særskilte problemstillingar.

Når pandemien er ferdig vil det truleg vere naudsynt å gjennomføre ei evaluering som inkluderer fleire aktørar.

¹ Sjå vedlegg 1 for eige notat som vert utarbeid etter evalueringsmøte med Bergen kommune.

² Sjå vedlegg 2 for eige notat som vert utarbeid etter evalueringsmøte med helseføretaka.



Tilbakemeldingar frå kommunane

I evalueringa har vi vore innoom ulike deler av krisehandteringa. Vi har sett det som viktig å få tilbakemelding om korleis kommunane har opplevd måten vi har utøvd samordningsrolla vår, og i kva grad vi har klart å følgje opp kommunane på ein god måte. Vi har òg samla informasjon om korleis kommunane har opplevd si eiga handtering av pandemien, og prøvd å identifisere oppfølgingspunkt som er viktig å ha særleg merksemd på vidare. Gjennom den skriftlege evalueringa har vi òg fått tilbakemelding på kva lokale konsekvensar dei nasjonale tiltaka har fått for kommunane i Vestland.

Fylkesmannen – Utøving av samordningsrolla og oppfølging av kommunane

Kommunane gir tilbakemelding om at Fylkesmannen har utført samordningsrolla i samsvar med forventningane, eller over det som var forventa. Fleire kommunar nemner særskilt at dei har opplevd samordninga som nyttig, og at den har bidrege til å sikre ei heilskapleg handtering av situasjonen i fylket.

Uttale frå ein kommune: «Fylkesmannen har vore eit viktig bindeledd mellom kommunane, og mellom kommune og stat gjennom koronakrisen. Fylkesmannens rolle har virket kvalitetssikrande og har gjort at kommunanes gjennomføring av sine roller gjennom koronakrisa blei meir heilskapleg.»

Fylkesmannen har vorte opplevd som godt koordinert internt. Eit par kommunar har kommentert at det kunne vore betre koordinering av føringar og rapporteringskrav, men understrekar at dei ser at dette i hovudsak skuldast utfordringar med koordineringa på nasjonalt nivå.

Gjennom handteringa har kommunane vore i direkte kontakt med Fylkesmannen på ulike måtar. Kommunane har opplevd dialogen som god, og at dei har fått tilbakemelding innan rimeleg tid. Eit par kommunar seier at Fylkesmannen kunne oppretta ein eigen kontaktperson for kvar kommune, slik at dei i større grad kunne hatt individuell kontakt.

Fleire av kommunane trekk fram som positivt at Fylkesmannen har avgrensa rapporteringskrava. Det har bidrege til å gi kommunane rom til å gjere den jobben dei skal.

Det har vore telefonmøte med kommunane éin til to gonger i veka. Møta har blitt opplevd som nyttige. Nokre kommunar trekk særskilt fram at møta har bidrege til å tolke statlege føresegner og retningslinjer, sikre felles progresjon og at kommunane har fått svar på spørsmål. Fleire kommunar nemner særleg at møtereferata har vore gode, og at dei har bidrege til å gjere informasjonsdeling i eigen organisasjon enklare. Det har kome tilbakemeldingar på den tekniske gjennomføringa. Fleire spør om ein til dømes kan flytte møta frå Skype til Teams.

Uttale frå ein kommune: Det kan tenkast at slike felles møter og felles fokus kan påverka vidare beredskapsarbeid og samvirke mellom kommunar.



Suksesskriterium

- Tett dialog med kommunane og prioritere å gi rask tilbakemelding på spørsmål
- Etablere arenaer som sikrar samhandling på tvers av kommunane og regionale aktørar
- Prioritere å raskt få ut referat etter møte

Kriseleiinga i kommunane

Det har vore faste møte på leiarnivå i kommunane for koordinering av pandemihandteringa. Ved behov har kriseleiinga vorte supplert med relevant personell. Dei fleste har hatt tilstrekkeleg kapasitet i kriseleiinga og støttefunksjonar, men har opplevd at det har vore mykje press på enkelte nøkkelpersonar. Nokre kommunar har trekt fram at dei ser behov for at fleire får opplæring i dei ulike rollene i kriseleiinga og tilhøyrande støttefunksjonar, for å sikre avlastning og ein meir robust organisasjon.

Fleire trekk fram kor viktig det er å syte for god informasjon internt i organisasjonen og ut til innbyggjarane i kommunen. Dette er med på å redusere uro og spørsmål frå tilsette og befolkninga.

Suksesskriterium

- Klargjering av roller og ansvar internt i kriseleiinga
- Så langt som mogleg halde på ordinære strukturar
- God intern kommunikasjon og informasjonsflyt
- Øve kriseleiinga jamleg
- Kjennskap til dei du skal samarbeide med i ei krise
- Eigne møte med tillitsvalde/verneombod

Samarbeid mellom administrasjonen og kommuneoverlege/smittevernlege

Kommunane rapporterer at det har vore eit godt samarbeid mellom administrasjonen og kommuneoverlegen/smittevernlegen. Dei fleste stadane har kommuneoverlegen/smittevernlegen delteke i kriseleiinga og har hatt tett kontakt med administrasjonen. Nokre kommunar gir tilbakemelding om at det har vore enkelte utfordringar knytt til involvering i avgjerder, der enten kommuneoverlege/smittevernlege eller administrasjonen ikkje har blitt tilstrekkeleg involvert i den andre sine avgjerder.

I samband med evalueringa vart òg myndet til smittevernlegen diskutert (at smittevernlegen på eiga hand har mynde til å gjere inngripande vedtak i kommunen). Dette legg eit stort ansvar på smittevernlegen, og kan potensielt føre til vedtak i strid med ønsket/tilrådinga frå administrativ og politisk leiing. Ein kommune kom med forslag om at det burde etablerast kommunale smittevernråd med eit par personar som i fellesskap kan gjere vurderingar før større avgjerder.

Suksesskriterium

- Tett og god dialog rundt heile prosessen gjerne ved at kommuneoverlege/smittevernlege deltek i kriseleiinga
- Kjenne kvarandre før eventuelle hendingar



Kapasitet i funksjonen som kommuneoverlege/smittevernlege

Det har vore stor belastning på kommuneoverlegane/smittevernlegane gjennom heile pandemien. Mange av kommunane problematiserer at det er manglande kapasitet i stillinga til kommuneoverlege/smittevernlege, og at det i stor grad manglar lege som kan avlaste t.d. i feriar. I dei fleste kommunane i Vestland er kommuneoverlegen òg smittevernlege, noko som gjer funksjonen veldig personavhengig.

For å bøte på små stillingsprosentar har dei fleste kommunane klart å frigi kapasitet hjå kommuneoverlege/smittevernlege, gjennom samarbeid med mellom anna fastlegar, eller dei har henta inn ekstern arbeidskraft for å støtte i handteringa. Fleire gir tilbakemelding om at dei ser behov for å auke eksisterande stillingsprosent for desse funksjonane òg ved normal drift.

Uttale frå ein kommune: *«I ein krisesituasjon der kommuneoverlegen/smittevernlegen må spille ei sentral rolle blir det ei utfordring med kommuneoverlege i berre 30 % stilling. Heldigvis klarte vi å reorganisere legedrifta i kommunen raskt, slik at 80% kommuneoverlegefunksjon kunne frigis over natta. Vi har erfart at vår kommune, som dei fleste andre kommunar, er mellom anna sårbare med tanke på smittevernlegeberedskap. Statleg tilråding om stryke beredskap/ass. smittevernlege burde ikkje vore ei tilråding, men eit krav».*

Suksesskriterium

- Tilstrekkeleg kapasitet i stilling til kommuneoverlege/smittevernlege

Planverk i kommunane

Ein del av kommunane gir tilbakemelding om at dei har opplevd at det eksisterande beredskapsplanverket har vore eigna til å møte pandemien, medan dei fleste har opplevd at planverket berre har vore delvis eigna. Fleire av kommunane peiker på at planverket i liten grad har vore utarbeidd med tanke på ein så omfattande pandemi, mellom anna med omfattande stenging av samfunnet. Dei har heller ikkje teke høgde for ein pandemi der det ein per dags dato ikkje er vaksine.

Uttale frå ein kommune: *«Alt planverk vil vere mangelfullt ved komplekse beredskapshendingar, og manglane kompensert med kompetent og aktiv kriseleiing».*

God kriseleiing, god intern koordinering, deltaking i ulike samhandlingsforum og arbeid med beredskapsplanverket gjennom handteringa av pandemien vert trekt fram som viktige grep for å kompensere for manglane i planverket. Nokre kommunar viser òg til at dei klare nasjonale føringane var med på å bidra til å forenkle den lokale handteringa, òg der det var manglar i planverket.



Suksesskriterium

- Eit planverk som er fleksibelt slik at det kan tilpassast ulike hendingar

Tenestetilbod innan helse, omsorg, sosial og barnevern

Kommunane gir tilbakemelding om at dei har gitt eit forsvarleg tenestetilbod innanfor dei gitte rammene. Tilbodet har vore avgrensa (jamfør gjeldande retningslinjer og regelverk), noko som har betydd at tilbodet ikkje har hatt same innhald og omfang som ved normal drift. Det har vore krevjande for kommunane å oppretthalde drifta.

Fleire kommunar har funne alternative måtar å gjennomføre tenestene på, til dømes:

- Tilsette som arbeider med rusavhengige som går på LAR-behandling har gjennomført oppsøkande verksemd
- Legar og fysioterapeutar har hatt videokonsultasjonar og laga opplæringsvideoar
- Det har blitt sett i gang ulike tilbod for å aktivisere eldre og personar med utviklingshemming

Brukarar har i fleire tilfelle vore skeptiske til å ta i bruk dei tilboda som har vore tilgjengelege. Dette førte til eit auka informasjonsbehov ut mot brukarane og pårørande, for å informere om at tenestene var trygge å nytte seg av. God intern informasjon vert òg trekt fram som viktig for å redusere uvisse hjå dei tilsette.

Kommunane har opplevd at brukarane i stor grad har forstått at det har vore ein krevjande situasjon, og at dei i liten grad har motteke klagar. Nokre kommunar gir samstundes tilbakemelding om at dei byrjar å sjå nokre av konsekvensane av reduksjonen i tilbod. Dette gjeld mellom anna ein auke i søknadar om langtids plassar på sjukeheim grunna mange slitne pårørande som har fått lite avlastning.

Nokre kommunar kommenterer særskilt det som går på ivaretaking av barn og unge. Arbeidet som skulane har gjort overfor barn som dei veit treng særskilt oppfølging, vert trekt fram som veldig positivt. Samstundes er det éin kommune som seier at denne oppfølginga har vore ulik mellom skulane i kommunen, og at dei ser behov for å trekke alle opp på same nivå. Arbeidet barnevernet har gjort vert òg trekt fram som godt, men at det samstundes har vore krevjande. Éin kommune trekk fram at det er mogleg ein bør ein syte for at sårbare barn og unge får fleire vaksenrelasjonar, enten gjennom skule, barnevernet eller PPT.

Fleire kommunar trekk fram at dei har gjort seg positive erfaringar med å nytte digitale hjelpemiddel.

Behov for å etablere betre smittevernrutinar, auke kompetansen knytt til smittevern og sikre tilstrekkeleg smittevernutstyr i tenestene vert trekt fram av fleire.

Suksesskriterium

- Opprette god kontakt med brukarar og pårørande
- God intern informasjonsflyt



Bruk av kommunale beredskapsråd

Eit fåtal av kommunane gir tilbakemelding om at dei har gjennomført møte i det kommunale beredskapsrådet under handteringa av pandemien så langt. Dei som har gjennomført møte, melder om positive erfaringar med dette. Nokre kommunar såg det som naudsynt å gjennomføre møte på eit tideleg stadium av pandemien, medan andre utsette/avlyste møte som var planlagt i mars/april grunna stor belastning og ikkje høve til å treffast fysisk.

Kommunane som ikkje har gjennomført møte melder at dei ikkje har sett behov for det, eller ikkje har etablert kommunale beredskapsråd. Fleire av samanslåingskommunane gir tilbakemelding om at dei er i prosess med å opprette nye beredskapsråd. Dei gir tilbakemelding om at dei har hatt tett dialog med eksterne aktørar der det har vore naudsynt. Enkelte av kommunane som ikkje har gjennomført møte melder særskilt om at dei har følgd opp kontinuitetsplanlegginga overfor deltakarane i rådet.

Suksesskriterium

- Tett dialog med lokale beredskapsaktørar for å sikre eit felles situasjonsbilete

Interkommunalt samarbeid

Mange av kommunane melder at dei har delteke i eit samarbeid med andre kommunar i samband med handteringa av pandemien. Samarbeidet har skjedd gjennom deltaking i ulike samhandlingsforum, etablering av koronasenger, ferieavlastning for kommuneoverlegar/smittevernlegar og testsenter. Samarbeida har oppstått som ein følgje av felles problemstillingar, og fordi det er billigare og krev mindre personell å etablere slike tilbod saman med andre.

Det er framleis fleire kommunar som ser på høve til å etablere fleire interkommunale samarbeid og er i dialog for å prøve å få på plass dette.

At Fylkesmannen har oppmoda til og lagt til rette for interkommunale samarbeid vert trekt fram som positivt for at samarbeid har blitt etablert.

Nokre kommunar trekk fram at dei til dømes har ønskt å tilby andre kommunar tilgang på koronasenger, men ikkje har fått til å etablere samarbeid fordi etterspurnaden har vore låg. Nokre kommunar problematiserer òg samarbeid om koronasenger fordi andre kommunar ikkje ønskjer å sende sine innbyggjarar til andre.

Suksesskriterium

- Felles problemstillingar som best blir løyst saman
- God dialog
- Fylkesmannen oppmodar og legg til rette for etablering av slike samarbeid

Samarbeid med helseføretaka

Samarbeidet med helseføretaka vert i all hovudsak opplevd som godt. Fleire kommunar trekk fram at dei ikkje er einig i fordelingsnøkkelen som vart lagt til grunn for fordelinga av smittevernutstyr. Kommunane gir likevel tilbakemelding om at dei er nøgde med korleis helseføretaka i samarbeid med kommunane har fordelt det utstyret som har kome, og at dei har syte for å omdisponere utstyr ved behov.



- Kommunane i Helse Bergen sitt opptaksområde opplevde det som ei styrke at pandemiplanen vart slutført rett før pandemien. Éin kommune opplever at samarbeidet til tider har gått for sakte.
- Fleire av kommunane som tilhøyrrer Helse Førde sitt opptaksområde melder om at den taktiske samhandlingsgruppa har fungert bra. Éin kommune i føretaksområdet gir tilbakemelding om at dei har opplevd denne samhandlingsgruppa som fråverande og at innspel frå kommunen i for liten grad har vorte etterspurd.
- Innanfor Helse Fonna sitt område vert det trekt fram som positivt at helseføretaket kom tideleg i gang med koordinering av kommuneoverlegane.

Heile det laupande faglege arbeidet i kommunen, mellom kommunane og mellom kommunane og helseføretaka er ein kontinuerleg forbetring av det ein har av samarbeidsavtalar, prosedyrar og rutinar. Prosessen har vore svært læringsrik for alle involverte partar.

Suksesskriterium

- Tett dialog om felles problemstillinger

Skule og barnehage

Gjennom spørjeundersøkinga fekk vi følgjande tilbakemeldingar på tema på utdanningsområdet som kommunane sakna i kartleggingane som var gjennomført innan slutten av mai.

- Opningstid i barnehage
- Spesialundervisning og tilrettelegging rundt dette
- Dei tilsette sin arbeidskvardag
- Kva tilbod barn med foreldre med samfunnskritiske funksjoner har fått utover opningstid
- Skuleskyss, og i kvar grad det har vore eit hinder for å få elevane på skulen
- I kva grad kommunane har hatt særleg merksemd på barna. Har det vore barnevenlege kommunar?
- Oppfølging av ungdomsskule elevar
- Positive effektar av unntakstilstanden ein kan lære av

Nasjonale tiltak

Gjennom spørjeundersøkinga vart kommunane bedne om å gi tilbakemelding om pandemien og dei nasjonale tiltaka har fått store konsekvensar lokalt. Følgjande vart nemnt som særleg krevjande:

- Permittering og arbeidsløyse
- Mange brukarar av ulike tenester fekk eit sterkt redusert tilbod
- Auke i etterspurnad etter langtids plassar på sjukeheim fordi pårørande ikkje har fått naudsynt avlastning



- Sårbare barn har blitt meir sårbare (stenging av skule/barnehage, fritidsaktivitetar og andre tilbod)
- Utfordringar med bemanning i helsetenesta grunna karantenerreglar
- Store økonomiske konsekvensar for næringslivet (verksemdar, reiseliv osv.)
- Utfordringar med å stenge skule og barnehage og samstundes skulle gi eit tilbod til nokre

Nokre av kommunane skriv i undersøkinga at sjølv om dei nasjonale tiltaka var inngripande og fekk store konsekvensar, ser dei at det var naudsynt å innføre dei. Samstundes er det òg nokre som har kommentert at dei ønskjer at det vart gitt rom for meir lokal tilpassing.

Uttale frå ein kommune: «Vi meiner at dei nasjonale tiltaka har vore naudsynte, trass i at ein ikkje har hatt smitte i eigen kommune. Det ville vore for komplisert for innbyggjarane og kommunen og forholde seg til mange lokale tiltak/vedtak».

Andre innspel til nasjonale myndigheiter

Gjennom arbeidet med undervegs-evalueringa har det kome inn ulike innspel frå kommunane til nasjonale styresmakter.

- **Nasjonal koordinering:** Kommunane har opplevd at det til tider har vore manglande koordinering mellom nasjonale styresmakter, og mellom statlege styresmakter på høvesvis nasjonalt og regionalt nivå. Det har mellom anna ført til overlappende rapporteringskrav frå Fylkesmannen og andre statlege styresmakter.
- **Formidling av informasjon:** Fleire av kommunane kommenterer at det har vore krevjande at all informasjon kjem gjennom pressekonferansar og pressebriefar, og at det ikkje alltid har vore råd å finne skriftleg informasjon om det som vorte informert om. Det har gjerne teke noko tid før skriftleg informasjon vert publisert, og det har ikkje alltid vore like enkelt å finne den når det først er publisert. Informasjonen bør gå tidleg i linja i forvaltningssystemet, slik at ein er budd på å handtere eventuelle problemstillingar på lokalt nivå når informasjonen går ut nasjonalt.
- **Fordelingsnøkkel for smittevernustyr:** Mange kommunar gir tilbakemelding om at dei ikkje var samde i fordelingsnøkkel for smittevernustyr (20/70/10). Ettersom mykje av presset mot helsetenestene har vore ute i kommunane, kjem fleire med innspel om at kommunane på eit tidleg tidspunkt burde fått ein større del av smittevernustyret.
- **Nasjonale lager for smittevernustyr:** Det bør bli etablert lager for smittevernustyr og vere større merksemd på å sikre forsyningstryggleik av viktige medisinar.
- **Endre grenser for pensjonstrekk for AFP:** Vi har fått innspel om at grensa for pensjonstrekk for AFP burde endrast slik at ein kan frigi helsefaglege ressursar.
- **Lønstilskot til permitterte:** Det har kome innspel om at ein del av dei permitterte burde kunne få jobba med lønstilskot i staden for å sitte heime.
- **Reiseliv:** Nokre kommunar spel inn at dei skulle ønskt at nasjonale styresmakter hadde kome med tydlegare føringar for reiseliv i ein tidlegare fase.
- **Avklaring av skuleskyss:** Fleire kommunar etterlyser at tilstrekkeleg skuleskyss burde vore sikra før ein opna skulane.



Oppfølgingspunkt

Gjennom evalueringa har det blitt identifisert oppfølgingspunkt. Vi deler desse inn i innspel som har kome til nasjonale styresmakter, Fylkesmannen og kommunane. Vi tilrår at alle kommunane går igjennom oppfølgingspunkta som er identifisert for kommunane og vurderer om dei er relevante for sin organisasjon.

Nasjonale styresmakter

Sjå òg oversikt over andre innspel til nasjonale styresmakter (s. 10).

- Gjennomgang av smittevernlegen sitt mynde etter smittevernlova

Fylkesmannen

- Etablere individuelt kontaktpunkt for kvar kommune hjå Fylkesmannen
- Endre plattform for kommunemøta frå Skype til Teams

Kommunane

- Sikre at nok personar er opplært i dei ulike rollene i kriseleiinga og tilhøyrande funksjonar.
- Gjennomgang av kapasitet i stilling til kommuneoverlege/smittevernlege: Sikre at kommuneoverlege/smittevernlege har tilstrekkeleg stillingsprosent som gjer at dei har kapasitet til å gjennomføre dei oppgåver dei vert pålagt ved større hendingar. Her er det samstundes viktig at ein òg ser på om det er naudsynt å få på plass lege som kan avlaste ved behov.
- Gjennomgang av planverket med utgangspunkt i erfaringane frå pandemien. Det er viktig å vurdere om det er manglar ved planverket som er så store at dei må prioriterast å gjennomførast før pandemien er over.
- Syte for overføring av gode erfaringar og løysingar i dei ulike tenestene under pandemien knytt til smitteverntiltak/smittevernrutinar og tenesteleveranse, mellom tenestene i kommunen og mellom kommunar.
- Gjennomgang av smittevernrutinar i tenestene og sikre at tilsette har tilstrekkeleg opplæring i desse.
- Kommunane som ikkje har/ikkje nyttar beredskapsrådet bør vurdere å opprette eit kommunalt beredskapsråd/vurdere om det føremålstenleg å nytte rådet meir aktivt.
- Vurdere om det er område ein kan inngå interkommunale samarbeid for å lette på utøving av enkelte oppgåver.